



NYNORSKSENTERET

NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA | Høgskulen i Volda | Postboks 500 | 6101 Volda
TELEFON: 7007 5197 | FAKS: 7007 5051 | VEBSITE: www.nynorskcenter.no | E-POST: nynorskcenter@hivolda.no

Volda 22.02.11

Høyringsfråsegn frå Nynorskcenteret om ny rettskriving for nynorsk

Tilsette ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nynorskcenteret, støttar dei fleste forslaga i framlegget til ny rettskriving for nynorsk. Berre eitt av dei ti punkta som normeringsnemnda har prioritert, er me samla svært usamde i, og det er at pronomenet *dykk* også vert subjektsform. Munnlege former som dokk og dokker bør heller ikkje kome inn.

Ei innvending mot den nye rettskrivinga er at når ordninga med hovud- og sideformer no skal ut, vert alle desse formene i røynda hovudformer. Dette vil føre til at sideformene kan brukast i lærebøker og i tekster frå stat og kommune. Det er i desse samanhengane ein oftast møter nynorsken, og då vil talet på former auke, og nynorsken vil verte mindre ”tydleg, enkel og stram” enn før. Dei som skal lære nynorsk, møter nynorsk skrift mest i lærebøker, og difor er normalen som vert brukt der styrande for korleis elevane lærer å skrive nynorsk. Å auke valfridomen i frekvente ord skaper fleire problem for dei som skal lære å skrive nynorsk.

Ordninga med ein trond læreboknormal med ei hovudform av ordet og mange sideformer hadde truleg vore den mest pedagogiske norma. Då kunne ein lære ei norm i den første skriveopplæringa som ein kunne bruke i alle offentlege samanhengar. Seinare kunne ein så velje sideformer tilpassa etter talemålet og oppfatingar av logisk og estetisk samanheng i språket, om ein ynskte å ha ei personleg norm i det ein skreiv utanom offentlege samanhengar.

Den nye norma for nynorsken må vere stabil og ha godt feste i tradisjonen.

Beste helsing

Anne Steinsvik Nordal

- Leiar -